



SELJORD KOMMUNE

Ordfører

Utdeling av Kulturpris 2017

Årets kulturprisvinnar har vore og er ein stor kulturformidlar med sitt arbeid som fotograf. Noko av hans fotokunst er gjeve ut i 3 bøker han har produsera. Blar ein i desse bøkene forstår ein kor stort arbeid som er lagt ned. Desse bøkene med fantastiske fotografier formidlar geografi og kultur i Telemark og blant anna Seljord på ein framifrå måte.

Eg siterar det som står på baksida av fyrste boka han gav ut og som heiter Fagre Telemark:

Fagre Telemark er ein hyllest til det maleriske landskapet og dei rike kulturtradisjonane i Telemark. Mesterfotografen tek oss med på ei biletreise frå kysten til høgfjellet.

Ingen kommunar er gløymd og det er sær fine bilete frå Seljord i den boka. Dei andre bøkene han har gjeve ut er Løyndomsfulle Setesdal og Minne frå Telemark.

Årets prisvinnar er f. i 1933 i Os i Østerdalen er utdanna fotograf og har ein allsidig praksis i faget. I fleire år reiste han rundt i heile landet og fotografera som freelancer og for eit kunstforlag.

Frå 1968 til 1992 dreiv han eige portrettstudio og fotoforretning i Seljord.

Frå 1993 har han vore freelance og han har fått fleire gjeve prisar for fotografa sine.

Heldige er me i Seljord at han på sin fotografferd gjennom landet falt for det variera landskapet i Telemark og busette seg i Seljord med kona si.

Han har og skrive dikt slik som dette som heiter "Takk Telemark"

Til Telemark eg kom ein fager vår

Det var blømetid og ungdomsår

Eg lærde snart at i Telemark, her fanst det meste som Noreg heve

Og fort eg fant ut at her vil eg leve

I Telemark fant eg mitt gode liv

Her fekk eg mitt levebrød, min heim og mitt liv

Eg takkar deg Telemark for dei gode år

Minne frå Telemark er ei gåve du av meg får.

Årets kulturprisvinnar er **Arne Aas**